



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325
Maria Knagenhjelm, 5564 3137

Kunngjering av vernevedtak Hammarland naturreservat i

Bjørnafjorden kommune

Kongen i statsråd vedtok den 23. juni 2026 å verne 35 skogområde fordelt på ni fylke. Eitt av disse er Hammarland som ligg i Bjørnafjorden kommune, og vernet vil bidra til å sikre viktig natur for framtida. Naturreservatet er lokalisert på eigedom 176/1 ved Gjønavatnet i Fusa, og er på 504 dekar.

Hammarland naturreservat har blitt verna gjennom ordninga for frivillig skogvern, som er eit samarbeid mellom private grunneigarar, skogeigarorganisasjonane og statsforvaltninga. I dette tilfellet er det Framtre, tidlegare AT Skog, som har representert grunneigar. Foredraget til kongeleg resolusjon ligg på Klima- og miljødepartementet sine heimesider, [her kan du følgje lenkja](#).

Skogvern bidreg til å ta vare på viktig natur

Naturreservatet husar skog av varierte kvalitetar, frå fattigare bjørkeskog til svært store naturkvalitetar og styvingstre av ask i boreonemoral regnskog. I øvre parti førekjem vekselvis rike og fattige skogtypar om kvarandre, og skogen er truleg blitt beita tidlegare. I nedre parti rett ovanfor Hammarland gard finn ein styvingsli med ask. Desse er grove, med høg tettleik av tre og område vert vurdert som svært verdifullt. Lia er tidlegare registeret under naturtypekartlegginga og klassifisert som A-verdi (DN-handbok 13). Den sjeldne og sterkt trua (EN) regnskoglaven strutlav *Gomphillus calycioides* er konstatert på fleire av dei styva asketrea. Bleik kraterlav (VU) *Gyalecta flotowii* er konstatert frå før i 2001 og veks på gamle styva aske- og almetre.

Forvaltning og oppsyn

Klima- og miljødepartementet (KLD) har bede Statsforvaltaren gjere vedtaket kjent for fylkeskommunen, kommunen, grunneigarar og andre lokale/regionale instansar/interessegrupper.

Alle som har hatt opprettinga av naturreservatet på høyring vert med dette underretta om vernevedtaket. Vi kunngjer også vernevedtaket i lokalavisa og [på heimesidene våre](#).

Det går fram av den oppdaterte verneforskrifta at Statsforvaltaren i Vestland framleis har delegert forvaltingsmyndigheit for naturreservatet. Miljødirektoratet kan vurdere å endre delegeringa av denne myndigheita dersom Bjørnafjorden kommune på eit seinare tidspunkt ønskjer å overta forvaltingsansvaret for små verneområde. Vi ber om at kommunen gjer seg kjent med det oppdaterte kartet og tilhøyrande forskrift, og sørgjer for at naturkvalitetane vert ivaretekne gjennom den løpande arealforvaltninga. Vedlagt dette brevet ligg vernekart og verneforskrift.



Statens naturoppsyn (SNO) skal etter Lov om statleg naturoppsyn føre kontroll med at reglane i verneforskriftene blir følgde. Oppsynet skal drive rettleiing og informasjon, samtidig som dei kan drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon etter oppdrag frå Statsforvaltaren.

Kart, anna lovverk og grenser

Verneforskrifta er tilgjengeleg på lovdata.no. Vi gjer grunneigarar og andre lokale instansar merksame på at dersom ikkje anna er nemnt i verneforskrifta, gjeld viltlova, naturmangfaldlova, lakse- og innlandsfisklova og lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Statsforvaltaren vil i samarbeid med jordskifteretten sørgje for at det utvida området vert merka, skilta og kartfesta. Jordskifteretten vil styre grensemerkinga og invitere grunneigar med når det vert aktuelt. Vernegrensa vil vere avmerkt i offisielle digitale kartportalar som Fylkesatlas, Naturbase (kart.naturbase.no) hjå Miljødirektoratet, og Kilden hjå NIBIO. Gjennom desse digitale karta kan ein også få tilgang til verneforskriftene.

Ved frivillig skogvern har grunneigarane i områda medverka frivillig i verneprosessen, og erstatningssummene er avtalte før vernevedtaket. Dette er i samsvar med ordninga som er utarbeidd for frivillig vern av skog i Noreg. Erstatningsbeløpet blir utbetalt kort tid etter at vernevedtaket er gjort.

Stor takk til grunneigarar og kommunen

Avslutningsvis ønskjer vi å rette ein spesiell takk til både grunneigarar og kommunen for at dei over lang tid har hatt ein klok og framtidsretta bruk og arealforvaltning av området. Dette har sikra desse nasjonale kvalitetane for framtida.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Vernekart: Husedalen naturreservat
- 2 Verneforskrifter vernevedtak 23. juni 2026



Mottakarliste:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for biøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavs plass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboegate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO



Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
FUSA KRAFTLAG SA	Stallabrotvegen 119	5640	EIKELANDSOSEN
FRAMTRE ENTREPRENØR AS	c/o AT Skog SA Postboks 73	3901	PORSGRUNN
Cathrine S. Skjøndal		5640	Eikelandsosen
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
KOMMUNEDIREKTØREN SIN STAB			